



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gry Walle, 5557 2332

## Fråsegn til søknad om konsesjon til oppdemming, regulering og vassuttak frå Kvernavatnet i Øygarden kommune

**Vi føreset at det vert lagt til rette for nedvandring av ål. Utover dette har vi ingen avgjerande merknad til søknad om regulering og uttak av vatn frå Kvernavatnet i Øygarden kommune.**

Vi viser til oversending av 15. februar 2021.

### Om tiltaket

Telavåg Settefiskanlegg AS søker om løyve til oppdemming, regulering og vassuttak frå Kvernavatnet i Øygarden kommune.

Det vert søkt om konsesjon til å ta ut inntil 0,33 m<sup>3</sup>/s (2 m<sup>3</sup>/min), med maksimalt uttak i kortare periodar på inntil 0,05 m<sup>3</sup>/s, regulering av Kvernavatnet med HRV 24,0 meter og LRV 23,0 moh og minstevassføring frå dam på 10 l/s.

Alminneleg lågvassføring (l/s)	Middelvassføring (m <sup>3</sup> /s)	Maksimalt utttak (m <sup>3</sup> /s)	Gjennomsnittleg uttak (m <sup>3</sup> /s)	Minstevassføring (l/s)	Inntak (moh)	Lengde vassleidning (m)
11	0,086	0,05	0,033	10	23	750

Kvernavatnet har tidlegare vore nytta som vasskjelde til settefiskproduksjon. Dam og vassveg/inntak er alt etablert. Det skal ikkje byggast anleggsveg eller permanent veg mellom Kvernavatnet og settefiskanlegg. Anlegget skal byggast med RAS-teknologi, og i hovudsak nytte sjøvatn.

### Vår vurdering

Det er ål i vassdraget, og nedvandring av ål må sikrast. Det er planlagt sleppventil for minstevassføring i botn av dammen, og det bør leggst til rette for nedvandring her. Det bør òg vurderast tiltak på inntaksleidningane, slik at ål ikkje vandrar inn i anlegget. Vi vurderer at oppvandring av ålelarver ikkje vert nemneverdig påverka. Minstevassføringa er viktig for å sikre vandring av ål.



Det er vurdert i søknaden at det ikkje er sannsynleg at anadrom fisk kan gå frå sjø og opp i innsjøen, og at det ikkje er ein stamme av sjøaure i utløpsbekken. Ut i frå kart og flyfoto er det vanskeleg å sjå om sjøaure kan vandre opp frå sjøen under næringsarealet. Vi vurderer at det kan vere førekomst av sjøaure i utløpselva, men ikkje ein eiga stamme. Vassdraget er lite, og potensialet avgrensa.

Kvernavatnet og store deler av nedbørsfeltet ligg innafor ein registrert lokalitet av naturtypen kystlynghei med B-verdi. Regulering av vatnet er alt etablert, og tiltaket vil ikkje føre til ytterlegare heving av vatnet. Vi vurderer at tiltaket ikkje vil påverke kystlynghei eller anna terrestrisk mangfald.

Med helsing

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

Gry Walle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM